

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 20.04.2017
SAKSHANDSAMAR: Jon Bolstad
SAKA GJELD: **Signatur og prokura**

ARKIVSAK: 2011/1210
STYRESAK: **029/2017**

STYREMØTE: **28.04.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Førde HF vedtek:

Signatur: Styreleiar og nestleiar kvar for seg.

Prokura: Styreleiar eller dagleg leiar kvar for seg

Oppsummering

I samband med handsaming av rekneskap og årsmelding 2016 for Helse Førde vart det av revisor peika på behov for å vurdere fullmakter i høve signatur og prokura for Helse Førde. Adm. direktør foreslår at styret utvidar fullmaktene til å gjelde fleire personar, og at firmaattesten vert oppdatert tilsvarande.

Fakta

Signatur er ei fullmakt til å opptre og underskrive på vegne av helseføretaket i dei fleste samanhengar. Signatur gjev for eksempel rett til å ta opp lån, kjøpe eller selje fast eigedom på vegne av føretaket.

Styre kan tildele signaturretten til eit utval styremedlemmar, eller til andre roller i føretaket. Dersom fleire har signaturrett, må det presiserast om dei har retten kvar for seg eller i fellesskap.

Prokura er ei fullmakt til å opptre og underskrive på vegne av føretaket i det meste som gjeld drifta. Prokura kan ikkje brukast til å etablere hefte eller selje fast eigedom. Ein person som har fått tildelt prokura kallast prokurist.

Styret kan gje prokura til ein eller fleire personar. Dersom dei er fleire, kan ein velje om dei skal ha fullmakt kvar for seg, eller i fellesskap.

Ein person som har prokura kan ikkje overføre den til ein annan person.

Slik er situasjonen i Helse Vest på dette fullmaktsområdet (kjelde Brønnøysundregisteret):

Helse Vest RHF:

Signatur:

Daglig leiar og styreleiar kvar for seg.

Prokura:

Styreleiar åleine.

Helse Bergen HF:

Signatur:

Daglig leiar og styreleiar i fellesskap.

(prokura ikkje oppført)

Helse Stavanger HF:**Signatur:**

Styreleiar åleine.

Prokura:

To personar i fellesskap, anten styreleiar, eit styremedlem eller daglig leiar.

Helse Fonna HF:**Signatur:**

Styreleiar åleine.

Prokura:

Dagleg leiar åleine.

Helse Førde HF:**Signatur:**

Styreleiar åleine.

Prokura:

Styreleiar åleine.

Vurdering

Dagens praksis legg mykje til styrets leiar som mest truleg kunne vore handtert av dagleg leiar (AD).

Adm. direktør vurderer det slik at løysinga som Fonna har valt ser føremålstenleg ut. Adm. direktør meiner likevel den bør supplerast med fleire personar for å ivareta fråvær/ feriar.